



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	10.06.2025

Bordgleder KF - Revidert budsjett 2025 samt revidert økonomiplan 2026-2028

Innstilling frå dagleg leiar:

Bordgleder sitt budsjett for 2025 og økonomiplan 2026-2028 vert revidert i tråd med tabell i sak.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 10.06.2025:

Handsaming:

Fellesframlegg frå styret, foreslått av ,

Styret konstaterer at dagleg leiar sitt framlegg til revidert budsjett og økonomiplan er foreslått med eit meirforbruk for 2025, 2026 og 2027. Først i 2028 er det budsjettert med eit venta overskot.

Styret er samd med dagleg leiar i at det er påfallande at sal til eigen kommune er redusert så vesentleg, i høve det som var skissert frå kommunen i budsjettprosessen. Dette er det som i det vesentlege fører til at Bordgleder ikkje styrer mot balanse i 2025.

Styret har forståing for at det kan kome til å ta tid å kome i posisjon til å levere overskot der ein både har økte kostnader knytt til investeringar og tilhøyrande drift (husleige og strøm) og samstundes har kome seint i gang med salsarbeidet på grunn av forseinkingar med innflytting i nytt kjøkken og anna usikkerheit. Styret ber dagleg leiar intensivere arbeidet med eksternt sal, for å slik kunne redusere kostnadene for kommunen.

Samstundes er det viktig at dagleg leiar tilpassar drifta til dei økonomiske rammene, og styret ber om snarlege framlegg til korleis dette kan skje. Styret vil i det vidare måtte vere tett på eit slikt vidare omstillingsarbeid som handlar om å ta ned kostnader.

Styret justerer dagleg leiar sitt forslag slik, for å oppnå eit budsjett i balanse:

Auka inntekt frå Kinn kommune i 2025: 3.120.000 kroner, 2026: 2.274.000 kroner, 2027: 638.000.

Auka inntekt må enten skje ved at kommunen kjøper meir varer frå Bordgleder i tråd med det opphavleg skisserte, eller ved at ein kompenserer drifta på anna vis i ein fase til Bordgleder har fått ei meir berekraftig drift med ei ekstern salsportefølje som reduserer behovet for kommunalt bidrag for å betale faste kostnader til kommunen. Auka eksternt sal i perioden, samt dei effektiviseringstiltak Bordgleder klarer å gjennomføre vil ta ned dette behovet.

Røysting:

Fellesframlegg frå styret samrøystes vedteke.

BOGL- 016/25 Vedtak:

Styret konstaterer at dagleg leiar sitt framlegg til revidert budsjett og økonomiplan er foreslått med eit meirforbruk for 2025, 2026 og 2027. Først i 2028 er det budsjettert med eit venta overskot.

Styret er samd med dagleg leiar i at det er påfallande at sal til eigen kommune er redusert så vesentleg, i høve det som var skissert frå kommunen i budsjettprosessen. Dette er det som i det vesentlege fører til at Bordgleder ikkje styrer mot balanse i 2025.

Styret har forståing for at det kan kome til å ta tid å kome i posisjon til å levere overskot der ein både har økte kostnader knytt til investeringar og tilhøyrande drift (husleige og strøm) og samstundes har kome seint i gang med salsarbeidet på grunn av forseinkingar med innflytting i nytt kjøkken og anna usikkerheit. Styret ber dagleg leiar intensivere arbeidet med eksternt sal, for å slik kunne redusere kostnadene for kommunen.

Samstundes er det viktig at dagleg leiar tilpassar drifta til dei økonomiske rammene, og styret ber om snarlege framlegg til korleis dette kan skje. Styret vil i det vidare måtte vere tett på eit slikt vidare omstillingsarbeid som handlar om å ta ned kostnader.

Styret justerer dagleg leiar sitt forslag slik, for å oppnå eit budsjett i balanse:

Auka inntekt frå Kinn kommune i 2025: 3.120.000 kroner, 2026: 2.274.000 kroner, 2027: 638.000. Auka inntekt må enten skje ved at kommunen kjøper meir varer frå Bordgleder i tråd med det opphavleg skisserte, eller ved at ein kompenserer drifta på anna vis i ein fase til Bordgleder har fått ei meir berekraftig drift med ei ekstern salsportefølje som reduserer behovet for kommunalt bidrag for å betale faste kostnader til kommunen. Auka eksternt sal i perioden, samt dei effektiviseringstiltak Bordgleder klarer å gjennomføre vil ta ned dette behovet.

Bakgrunn for saka:

I 2024 hadde Bordgleder eit meirforbruk i drifta. Dette handlar i stor grad om forseinkingar i ferdigstillinga av det nye kjøkkenet og korleis dette og andre faktorar har spelt inn i posisjoneringa av Bordgleder for å selje produkt eksternt, meir om dette i årsmeldinga for 2024.

Det vesentlege av dette vart dekkja inn over fond, men det er eit relativt lite mindreforbruk som Bordgleder må dekke inn i drifta i 2025 jf. kommunelova § 14-5 4. ledd. Kommunelovens §14-5, 4. ledd.

Jamfør sak om årsrekneskap for 2024 skal akkumulert udekka investering på kr 123.763 og udekka drift på kr 184.742 dekkast inn i budsjett 2025.

Saksopplysningar:

Bordgleder driv kostnadseffektivt og svarar på eit lovpålagt ansvar om å levere mat til dei omsorgstrengande i Kinn kommune, primært i Floradelen men også i Vågsøydelen i helger og høgtidsdagar. Det sentrale er å balansere krav og forventningar til kvalitet og økonomi mot kvarandre.

Bordgleder sine produksjonslokaler er dimensjonert for primæroppgåva, å levere mat til eigen kommune. Når ein driv med eksternt sal handlar det om å prøve å utnytte restkapasiteten på ein måte som gjev synergjar både for kvalitet og økonomi gjennom skalafordelar. Ulikt kommunen sitt andre produksjonskjøkken i Vågsøy, så må kjøkkenet i Florø betale både husleige og andre kostnader til kommunen som for Vågsøy sin del forsvinn i kommunen sitt omsorgsbudsjett. Dette gjer at det er

vanskeleg å samanlikne desse direkte.

Bordgleder har gjennom historia opplevd at eksternt sal i marknaden har variert, noko liknande private verksemdar vil kjenne seg att i. Det tek tid å bygge eksternt sal, og det er noko Bordgleder i denne fasen har arbeidd med sidan hausten 2024 etter vi kom i nytt hus. Vi opplever at nokre marknader responderer godt, medan andre tek tid. Framover må Bordgleder finne nye konkurransar og marknader å delta i. Det er viktig å ha det langsiktige perspektivet på korleis ein gjennom eksternt sal kan gjere den kommunale kostnaden for matproduksjon til eigne brukarar mest mogleg effektiv slik at ein kan bruke mindre pengar på denne produksjonen.

Bordgleder vil gjennom 2025 arbeide med å tilpasse drifta til dei nye lokalene og den effektiviseringa den gjer mogleg. Samstundes må Kinn kommune pårekne å måtte betale for tenestene og ikkje ha mat til dei eldre og omsorgstrengande i Kinn kommune som salderingspost i kommuneøkonomien. God mat til eldre og omsorgstrengande er viktig og noko som Bordgleder ønsker å bidra til gjennom våre dyktige ansatte og vårt flotte nye kjøkken. Det kan effektivt bli hindra dersom kommunen sin administrasjon ikkje ser realismen i kva ein faktisk må betale for desse produkta, til innbyggjarane sitt beste. Dersom kommunen pressar pris nedover sit ein igjen med eit rekneskap som ikkje går opp, og der kvaliteten til dei eldre og omsorgstrengande går ned. Det kan ikkje vere ei ønska samfunnsutvikling. God eldreomsorg kjem med ein pris – og Bordgleder sin forretningsmodell handlar om å klare å både levere god kvalitet og samstundes gjennom eksternt sal bidra til å gjere kostnadane for kommunen lågast mogleg.

Konkret framlegg til justering:

Bordgleder har fått redusert sine inntekter fra Kinn kommune med kr. 4.135.000.- i forhold til kalkylene Bordgleder gjorde i oktober 2024 som vart utarbeidd i dialog med Kinn kommune og som er det behov kommunen har signalisert av tal middagar i 2025. Kommunen ville kjøpe 77.508 torettars middagar i 2025. No ser vi at dette estimatet var for høgt i høve faktiske selje middagar. Pr no er estimatet at Kinn kommune vil kjøpe varer av Bordgleder for kr 7.669.000 og ikkje kr.11.804.00. Som det framgår under bakgrunn for saka over, så har eksternt sal på nokre punkt gått bra og på andre punkt ser vi at det vil ta noko meir tid å ta marknadsandelar enn planlagt.

Ein merknad til lønnsutgifter slik dei framgår nedanfor, så er desse justert opp med 1.035.000 i høve budsjett, men dette vert kompensert av refusjonar frå Nav mv. på kroner 2.076.000 som kjem fram under inntekter.

Tabellen nedanfor viser først revidert budsjett, deretter opphavleg budsjett for 2025 og så ein revidert økonomiplan for 2026-2028.

Driftsbudsjett 2025 - 2028: Beløp i 1000	Revidert Oppr.	2025	2026	2027	2028
	2025	2025	2026	2027	2028
Lønnsutgifter	7145	6115	5500	5747	6005
Varekostnader	5124	6072	5300	5900	6400
Energikostnader (straum)	350	850	850	850	850
Husleige til kommunen	1710	1710	1761	1814	1869
Revisjon	46		48	51	53
Adm.kost til Kinn komm.	445		445	445	445
Transport Kinn kommune	100		104	109	115
Avskrivning	450		450	450	450

Renteutgifter	302	302	263	224	185
Avdrag	790	790	790	790	790
Andre Driftskostnader	2673	3120	2793	2918	3049
Sum Utgifter	19135	18959	18304	19298	20211

Salg eksterne kunder	-5820	-6820	-7566	-9836	-12786
Salg egen kommune	-7669	-11804	-8014	-8374	-8751
Motpost avskrivning	-450	-450	-450	-450	-450
Refusjon lønn(staten)	-2076				
Sum inntekter	-16015	-19074	-16030	-18660	-21987

Udekka meirforbruk	3120		2274	638	
--------------------	-------------	--	------	-----	--

Til disposisjonsfond/overskudd		-115	0	0	-1776
---------------------------------------	--	------	---	---	-------

Vegen vidare:

Bordgleder har hatt en nøye gjennomgang av eigne utgifter og redusert kostnader med bakgrunn av lågare omsetning. Det er lågare lønskostnader og vareforbruk samt at ein har gått nøye igjennom det som er av variable kostnader. Bordgleder meiner at ein har tatt ned det som er mogleg av kostnader på ein forsvarleg måte uten at det går ut over kvaliteten på maten til brukarane i Kinn kommune. Sal til eksterne er budsjetttert med kr 5.820.000.- ned fra kr 6.820.000.- Bordgleder jobber med fleire potensielle kundar for å oppnå høgare volum, men vi må gjenta det vi har sagt heile vegen til kommunestyret og kommunedirektør: Dette er ein jobb som er tidkrevende før ein kan vise til resultat som monnar. Samstundes kan det å vinne kontrakter og få nye kundar ganske raskt snu økonomien i føretaket.

Gjennom 2025 vil Bordgleder arbeide yttarlegare for å effektivisere og tilpasse drifta for å raskast mogleg gå i økonomisk balanse, og raskast mogleg kunne levere overskot i drifta til Kinn kommune.